



# Mitt Alver

Innspel til ny samfunnsdel, 11.03.21



**ALVER**  
KOMMUNE



## Innhald

Innleiing .....	3
Innspel.....	4
Hovudtema knytt det kva barna er opptatt av: .....	4



## Innleiing

På nyåret 2020 inviterte Alver kommune tre kunstnarar/designarar til å kome med forslag til eit bilete/kunstverk som skulle følgje oss i planprosessen. Valet fall på Smula Design, som i tillegg til eit bilete – foreslo at vi skulle lage ei digital løysing for å kome med innspel. Dette vart vi begeistra for!

Vi ønskte vi oss eit kunstverk som:

- Seinka terskelen for å kome med **innspel** til tema folk er opptatt av i kvardagen sin
- Sette i gang gode **diskusjonar** om utfordringar og ønska utvikling i Alver
- **Profilerte** arbeidet med kommuneplanen på ein nyskapande måte

Verket skulle:

- Skildre begeistring for samfunnsutvikling og vise engasjement for fellesskap
- Fungere åleine, men også ha element i seg som vi kan trekkje ut og knyte til enkelttema i planarbeidet
- Brukast på digitale flater
- Printast eller byggast til noko fysisk som vi kan ta med oss «ut» i møte med innbyggjarar

Alver-biletet har vore tilgjengeleg for alle på kommunen sin nettside [www.vartalver.no](http://www.vartalver.no) frå september 2020 til januar 2021.

Ei målsetting med arbeidet med samfunnsplanen er å leggje til rette for ein brei medverknadsprosess for å få flest mogleg innspel frå innbyggjarane. Biletet har bidratt til å treffe andre målgrupper enn dei vi normalt er i dialog med.

Vi har brukt Alver-bilete som verkemiddel til å utfordre og få tankane i gong. Biletet har følgt oss i alt vi har gjort og kommunisert – anten vi har snakka med folk i dei ulike nærseiera, sendt ein e-post eller lagt ut ei melding på facebook.

Å høyre på barna er viktig for oss. Hausten 2020 spurte vi rektorar på barneskulane i Alver om dei kunne oppfordre lærarar til å ta biletet med inn i klasserommet som ein del av undervisningsopplegget. Vi oppmoda lærarane til å seie litt om kva kvalitetar vi treng for å ha det godt der vi bur. Vi anbefalte mellom anna at dei kunne prate om demokrati, rett til å ytre einge meiningar og å medverke til prosessar som handlar om framtida til samfunnet. og la barna kome med innspel til kva som er eit godt nærmiljø er for dei. Tre skular har sendt inn sine innspel gjennom Alver-bilete.

**Tusen takk til alle som har bidratt og vist fram sitt Alver!**



## Innspel

Kven har svart?

- Barn frå tre ulike barneskuler i Alver
- Nokre vaksne



## Hovudtema – dette er barna opptatt av

- Helse og beredskap
- Sport og fritidstilbod, e-sport for barn og unge
- Skule
- Naturen, miljøet, planeten vår
- Møteplassar: leikeplass, fritidsklubb, skatepark
- Trivsel
- Trafikktryggleik for gåande og syklende
- Dyr
- Eldre
- Landbruk og gardsdrift
- Medmenneske
- Spisestad
- Teknologi
- Variert handelstilbod
- Sykkel



Kven	Melding	Bilete
Gut 14 år		



<p>Jente 12 år</p>	<p>Eg håpar vi får det fint i framtida, utan korona og sånn. Og så håpar eg at vi har det beste laget i fotball!</p>	
<p>Jente 9 år</p>	<p>Skule er viktig, slik at vi kan lære ting. Vi må passe på å halde naturen ryddig og rein for plast å spøppel. Det er viktig å ha fin natur. Eg vil ha stor leikeplass istadenfor parkeringsplass utanfor Kiwi på</p>	






	<p>Frekhaug. Alle må ha det fint. Det er viktig at det er trygt å gå og sykle.</p>	
<p>Gut eller jente, 10 år</p>	<p>Dyr, miljø, eldre og ambulansetenest er viktig. Å ha gardsdrift og fritidsaktivitetar er viktig. Gode, varme kjensler for kvarandre er også viktig.</p>	
<p>Gut 12 år</p>	<p>Fotball, ein stad å henge, skatepart. Meir traktor</p>	
<p>Gut 11 år</p>	<p>Mama Rosa (pizzaria) er veldig viktig. Elektronisk butikk. Skuklen må få stasjonære pc'ar. Og sjå på biletet kva eg vil ha</p>	



<p>Gut 12 år</p>	<p>Dette er ein bra oppgåve</p>	
<p>Gut 12 år</p>	<p>Fritidsklubb, skatepar, elektronisk butikk</p>	
<p>Gut 12 år</p>	<p>Viktig med sportsbutikk eller sykkelbutikk</p>	






<p>Gut 12 år</p>	<p>Vi vil gjerne ha gode pc'ar</p>	
<p>Gut 8 år</p>	<p>Alle land er viktig, ikkje berre ditt</p>	
<p>Jente/Gut</p>	<p>Alver kommune burde leggje til rette for e-sport for barn og unge.</p>	



<p>Jente</p>	<p>Det er viktig å passe de gamle folka på jorda. Det er og viktig å passe på planeten vår</p>	
<p>Jente</p>	<p>Eg ønsker at alle har ein trygg skuleveg. Eg ønsker at alle likar seg på skulen og er trygge</p>	
<p>Gut</p>	<p>Alle land treng hjelp. Dyr og.</p>	




<p>Jente 8 år</p>	<p>Skulen er viktig fordi vi lærer ting. Ambulanse er viktig hvis vi blir sjuk.</p>	
-----------------------	---	--



## Innspel

Hovudtema knytt det kva dei vaksne er opptatt av:

- Nærmiljø
- Innovasjon
- Høyre til
- Eldre
- Bättre vegar
- Landbruk
- Bygdesamfunn
- Møteplassar
- Friluftsliv
- Natur
- Inkluderande samfunn
- Oppvekstmiljø
- Folkehelse, aktivitet for barn og unge
- Fritidstilbod og ungdomsklubbar

<b>Kven</b>	<b>Melding</b>	<b>Mitt Alver-bilete</b>
Kvinne, Sagstad	Vi skal ha det godt, og ta vare på dei gode kvalitetane og det som er «unik» for staden. Tenkje nytt, og utvikle det som kan bli bättre. Vi må alle bidra til at store og små har ei kjensle av å høyre til.	



<p>Kvinne</p>	<p>At dei eldre får den plassen dei fortener i Alver. Og betre vegar. Støtt opp om bonden!</p>	<p>A vertical illustration showing a woman's perspective of Alver. It features a river with a bridge, a boat, a bus, a building, a playground, a bee, a person fishing, a person on a bicycle, a person in a wheelchair, and a person with a cane. The scene is vibrant and colorful, representing a community with various amenities and services.</p>
<p>Mann</p>	<p>Små konsentrerte bygdesamfunn med gode møteplassar og varierte tilbod innan handel og kultur. Turløyper i nabolag og større samanhengande naturmåde mot fjell og sjø. Bønder som</p>	<p>A horizontal illustration showing a man's perspective of Alver. It features a village scene with houses, shops, a tractor, a person on a bicycle, a person in a wheelchair, a person with a cane, and a person with a dog. The scene is vibrant and colorful, representing a community with various amenities and services.</p>



	<p>skjøttar landskapet og gjev oss mat på lokale ressurser. Eit ope og inkluderande samfunn som tek imot dei som treng oss.</p>	
Mann	<p>I framtiden vil eg at Alver kommune har Norges beste oppvekstmiljøer. Dette får kommunen til, ved å leggje til rette for minst 1 time fysisk aktivitet kvar dag for alle barn i barneskulen. Kombinert med gode fritidstilbod gjennom lokale ungdomsklubbar i nærmiljøa som har ope fleire dagar kvar veke.</p>	